


# LexicoNordica

Forfatter:	Lars S. Vikør [ <i>Ei metaleksikografisk perle</i> ]	
Anmeldt værk:	Bo Svensén: <i>Handbok i lexikografi. Ordböcker och ordboksarbete i teori och praktik</i> . Andra, omarbetade och utökade upplagan. Norstedts Akademiska Förlag, Stockholm 2004. 614 sider.	
Kilde:	LexicoNordica 12, 2005, s. 331-347	
URL:	<a href="http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/lexn/issue/archive">http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/lexn/issue/archive</a>	

© LexicoNordica og forfatterne

## Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

## Søgbarhed

Artiklerne i de ældre LexicoNordica (1-16) er skannet og OCR-behandlet. OCR står for 'optical character recognition' og kan ved tegngenkendelse konvertere et billede til tekst. Dermed kan man søge i teksten. Imidlertid kan der opstå fejl i tegngenkendelsen, og når man søger på fx navne, skal man være forberedt på at søgningen ikke er 100 % pålidelig.

Lars S. Vikør

## Ei metaleksikografisk perle

Bo Svensén: *Handbok i lexikografi. Ordböcker och ordboksarbete i teori och praktik*. Andra, omarbetade och utökade opplagan. Norstedts Akademiska Förlag, Stockholm 2004. 614 sider.

Bo Svenséns *Handbok i lexikografi* kom ut første gongen i 1987, utgitt av Tekniska Nomenklaturcentralen (TNC), og oppnådde ein status som det suverene standardverket på området i Norden (også omsett til engelsk i 1993 som *Practical lexicography*). Svenséns ambisjon har likevel vore at om ingen andre har kunna overgå han, skulle han gjere det sjølv. Det har han klart. I fjor kom den nye utgåva av boka på Sveriges fremste ordboksforlag, Norstedts. Dei 279 sidene frå 1987 har vakse til 614 (om vi avgrensar det til dei reine tekstsidene, utan register og bibliografi, er tala resp. 265 og 575).

Skilnaden er ikkje fullt så stor i kapitteltal, for der er auken frå 21 til 28. Sjølve grunnstrukturen er forsåvidt den same, men ein del emne som manglar i førsteutgåva er komne med i den siste, til dels med utførleg behandling. Av dei reint leksikografiske emna gjeld det særleg ”språkprov”. Men vi har fått fleire nye kapittel om meir kontekstuelle emne: juridiske og etiske aspekt, ordboksbruk og ordboskrittikk. Likevel er hovudsaka med den nye utgåva ei kraftig utvida behandling av dei emna som den første utgåva alt hadde med. Det er blitt ei heilt ny bok, og i resten av denne meldinga legg eg førsteutgåva heilt til side og skriv berre om den nye.

Her er meldaren så heldig at forfattaren sjølv har gjort klart sine krav til korleis ei god melding skal vere (s. 573–574). Det gjeld rett nok meldingar av ordbøker, men krava er vel ikkje så ulike når det gjeld ei melding av ei bok om ordbøker. Meldinga skal vere *relevant* i forhold til formål og målgruppe, konsentrere seg om *vesentlege* eigenskapar ved ordboka, vere *påliteleg* og *nøytral*. I tillegg skal meldaren gjere greie for eventuelle bindingar for sin eigen del til konkurrerande prosjekt eller viktige aktørar på feltet. Denne meldaren arbeider med ei atskilleg mindre innføringsbok i leksikografi og leksikologi berekna på norske interesserte, men reknar ikkje det som konkurrerande med Svenséns verk, som vil bli ståande som det leiande referanseverket på dette området i Norden uansett.

Men på eitt punkt er eg redd for at eg syndar mot forfattarens krav. Han tek avstand frå den praksisen å fylle ei melding med kritiske kommentarar og så konkludere positivt. Eg har ein del kritikk på enkeltpunkt, men mi meining er at det for faget og den faglege diskusjonen er av større verdi å framføre slik kritikk enn å rekne opp alt som er bra, sjølv om det er det aller meste. I ei så stor og rik bok kan ein uansett ikkje kommentere meir enn ein liten del av innhaldet.

## Karakteristikk

Hovuddisposisjonen i boka er slik:

Først kjem nokre basale generelle aspekt som fungerer som utgangspunkt: leksikografiske begrep og termar, ordbokstypologi, datainnsamling og datautval, og ordboka som tekst. Kapitla om ordbokstypologi og datainnsamling og -utval har fått størst plass; ikkje minst blir oppbygging og bruk av korpus grundig behandla, og prinsipp for lemmautval blir også drøfta her. Deretter får vi hovuddelen, som er ein systematisk presentasjon av informasjonskategoriane ein for ein, i den rekkjefølgja dei som oftast opptre i i ordboksartiklane. Nesten 300 sider går med til dette. Først lemmaet, som naturleg er, og så i tur og orden rettskriving, uttale, morfologi (bøying og avleiing), ordklasseinformasjon, konstruksjonsopplysningar i tre kapittel (valens og konstruksjonsmåtar, kollokasjonar, idiom), definisjonar, ekvivalentar, ”språkprov”, ensyklopedisk informasjon, illustrasjonar, bruksmarkering, og etymologi. Mye av dette treng ikkje så stor plass, men kollokasjonar og idiom på den eine sida, og definisjonar og ekvivalentar på den andre, har fått frå tretti til femti sider kvar. Tredje bolken går på ordboksstruktur: mikrostruktur, makrostruktur, megastruktur og tilvisingsstruktur. Til slutt får vi dei kontekstuelle emna: ordboksprosjekt, den elektroniske ordboka, pluss dei emna eg nemnde som nye ovanfor. Her har emna ordboksprosjekt og ordboksbruk fått spesielt lange og utførlege kapittel. Bibliografien er også på over 30 sider.

Boka er praktisk og konkret opplagd frå start til slutt, heilt i stil med at ho er tenkt som ”handbok”. Svensén skriv beundringsverdige klart, oversiktleg og pedagogisk, med rik eksemplifisering og full meistring av stoffet, så komplisert som det kan vere. Han opererer med ein svært omfattande og nyansert terminologi som blir presentert tidleg i kvart kapittel eller kvar seksjon og instruktivt forklart (for det meste i samsvar med terminologien i *Nordisk leksikografisk ordbok*). Eksempel på vanskelege emne som sjeldan er blitt framstilte så konsist og klart som her, er korpusoppbygging og korpusbruk, homonymi og polysemi

(både i lemmakapittelet med hovudvekt på homonymi, og under mikrostrukturen med hovudvekt på polysemi), kollokasjonar og idiom og framstillinga av dei i ordbøker, definisjonsteknikkar, ekvivalensrelasjonar og differensiering mellom og presentasjon av ekvivalentar. Også folk som har arbeidd ein god del med denne typen problematikk, vil føle at dei har større innsikt og eit betre grep på saksfeltet etter å ha lese Svensén enn dei hadde før.

Framstillinga er i stor grad deskriptiv. Forfattaren gjer greie for praksis på dei ulike punkta særleg i svensk og engelsk tradisjon, men han viser òg (for oss til dels) nokså merkelege avvik frå det vi er vane med i den franske tradisjonen. Han gjer merksam på utviklingstendensar, ofte utan å ta standpunkt til dei (men det kan jo bety ei implisitt tilslutning). Men han er ikkje redd for å vere normativ når han ser gode grunnar til det, og anbefale visse måtar og kritisere andre på grunnlag av konkrete eksempel, om enn oftast i forsiktige ordelag. Uansett kan ein sjå det slik at beskrivinga hans er ei slags normsetjing i seg sjølv: Det han framstiller utan å ta avstand frå det, må ein rekne med at han godkjenner, slik at eksempla fungerer som empiriske eksempel på anbefalt praksis.

Alle kapitla blir innleidde av eit relevant sitat frå ein meir eller mindre kjend leksikograf eller metaleksikograf (16 på engelsk, 7 på tysk, 4 på fransk, og 1 på svensk), og avslutta med ei kommentert litteraturoversikt med tilvisingar til bibliografien bak i boka.

## **Materiale**

I kapittelet om ordbokstypologi avgrensar forfattaren den typen materiale han primært byggjer analysane sine på (s. 47–48). Hovudvekta ligg på typen einspråklege og tospråklege allmennordbøker, medrekna innlæringsordbøker ("learners' dictionaries"). Han skil skarpt mellom aktive og passive tospråklege ordbøker; dette skiljet er noko av grunnvollen for heile gjennomgåinga hans. I all hovudsak er det ordbøker på og mellom svensk, engelsk, fransk og tysk han bruker som eksempel materiale, og han seier i forordet at han har drege mest vekslar på ordbøkene frå Norstedts, hans eigen forleggjar. Ved eksemplifisering markerer han kjelder ved ordbøker på andre forlag; som lesarar kunne vi vel ønskt at han hadde kjeldemarkert meir konsekvent, også Norstedt-materialet. Ei gjennomgåing av kjeldemarkeringane til eksempla hans viser at han primært bruker *Nationalencyklopediens Ordbok* som "typeeksempelet" på den einspråklege allmennordboka for svensk, mens den mest siterte ikkje-svenske ordboka er *Longman's Dictionary*

of *Contemporary English*. Han legg òg vekt på COBUILD-ordbøkene og den særlege metodikken som blir brukt der, kontrastert med den meir tradisjonelle. Den mest siterte ordboka for fransk er *Dictionnaire de la langue française (Lexis)*. I tillegg dreg han inn ei brei vifte av andre ordbøker, særleg svenske og engelske, men nesten alle er av dei typane eg har referert her. Han avgrensar seg eksplisitt til papirordbøker, og nesten alt han skriv, passar berre på slike, med unntak av at han gjerne har ein merknad om elektroniske ordbøker når han refererer ei eller anna avgrensing som plassproblema tvingar fram; da seier han at det ikkje gjeld for elektroniske ordbøker. Men som nemnt ovanfor, har han eit eige kapittel om elektroniske ordbøker mot slutten av boka.

I LexicoNordica kan ein ikkje underslå at ikkje-svenske nordiske ordbøker er så å seie heilt fråverande, med unntak av nokre få og sporadiske referansar. Om boka er meint å ha ei nordisk og ikkje berre svensk målgruppe, hadde det vore lurt å markere det ved i større grad å ta nokre sentrale ordbøker på grannespråka og gitt dei òg ein meir synleg plass i biletet. Men det er sjølvsagt heilt legitimt å *ha* ei svensk målgruppe for auget for ei slik bok og innrette boka etter det. Og forfattaren kan vel eigentleg stole på at boka uansett vil vere eit "must" for folk som skal arbeide profesjonelt eller akademisk med leksikografi også i grannelanda.

## Produksjon og resepsjon

Ein viktigare ting å problematisere kan vere det skarpe skiljet som han gjennomfører mellom aktive og passive ordbøker, eller produksjons- og resepsjonsordbøker om ein føretrekkjer dei termene. Svensén sjølv bruker dei noko tungvinte nemningane "L1 -> L2-ordböcker" og "L2 -> L1-ordböcker", som sjølvsagt tilsvare aktive og passive i denne rekkjefølgja. Lesaren kan ikkje slappe av under lesinga om han/ho heile tida skal ha klart for seg kva som er kva. Også når det gjeld einspråklege ordbøker, nyttar Svensén termene "L1-ordbok" (for dei som er mynta på morsmålsbrukarar, som dei svenske), og "L2-ordbok" for dei som er mynta på folk med andre morsmål, som dei engelske einspråklege innlæringsordbøkene (og den svenske einspråklege Lexin-ordboka, *Svenska ord*, som er berekna på innvandrarar med svensk som andrespråk).

Han set klare krav til begge typane, som i hovudsak går på at produksjonsordbøkene må ha meir utførleg (pragmatisk, semantisk, syntaktisk osv.) informasjon om ekvivalentane enn om oppslagsorda, mens resepsjonsordbøkene må gjere det omvendt. Dette er ideale krav

som han er beundringsverdig konsekvent og systematisk i å føre fram og beskrive, men ein lurar likevel på korleis desse beskrivingane passar med verkelegheita. I praksis er vel ikkje skiljet så stort mellom dei to typane; kanskje dei er det i engelskspråklege land, men neppe i mindre samfunn som dei nordiske. Eg kjenner den svenske ordboksbestanden for dårleg, men eg har ikkje lagt merke til, i dei mindre landa som eg har kunnskapar om, at ordbøker har markert seg under ein etikett med det innhaldet at ordboka er spesielt tenkt for produksjon eller resepsjon. Dette er vel ein indikasjon på at marknaden ikkje er stor nok til så spesialiserte ordbøker. Svensén diskuterer også dette tidleg i boka (s. 17–23), og peikar på bidireksjonelle ordbøker som den løysinga som er prøvd, utan å konkludere med ei vurdering av denne løysinga, men ein aner ein viss underliggjande skepsis. Eg vil tru at mange ordbøker som inkluderer ”små” språk er bidireksjonelle på den måten at dei mest vender seg til brukarane av dei ”små” språka, men samtidig prøver å tilfredsstille dei atskilleg færre brukarane ein ventar å nå i det ”store” språksamfunnet. Ein kunne ha venta å finne noko om korleis dei ulike problema blir takla (og bør eller kan taklast) i ordbøker som både skal dekkje produksjons- og resepsjonsbehov, og som altså må slå av på visse krav og prioritere andre. Men ein kan seie at Svensén, ved å stille krava så klart og skarpt som han gjer, kan verke bevisstgjjerande også på ”bidireksjonelle” leksikografar og skjerpe sansen deira for kva som bør prioriterast for deira spesielle målgruppe.

## Strukturar

I kapittel 4, ”Ordboken som text”, beskriv Svensén dei ulike strukturnivåa i ei ordbok (”ordboksstruktur”, s. 97–102). Han opererer med sju strukturtypar: megastruktur, fordelingsstruktur, makrostruktur, mikrostruktur, tilvisingsstruktur (”hänvisnings-”), tilgangsstruktur (”åtkomst-”) og adresseringsstruktur. Fire av dei, mega-, makro-, mikro- og tilvisingsstruktur, får eigne kapittel, dei andre blir kort behandla i kapittel 4 og på andre relevante stader i boka.

Ein kan stille spørsmål ved denne bruken av struktur-begrepet. For denne lesaren verkar det i alle fall merkeleg å setje desse sju ”struktur”-typane på lik line, som om dei var parallelle. Det er vanleg – og hensiktsmessig – å operere med tre strukturnivå som seg imellom er strukturerte (!) som ei kinesisk øskje: Megastrukturen er overgripande og omfattar heile volumet av ordboka med lemmalista som kjerne, makrostrukturen omfattar struktureringa av lemmalista, og mikrostrukturen omfattar struktureringa av kvar enkelt ordartikkel innanfor

makrostrukturen. Dei andre "strukturane" går på tvers av denne grunnstrukturen i ordboka, og ein kan spørje om kor fruktbart det er å kalle dei eigne strukturar.

"Fordelingsstrukturen" gjeld fordelinga av informasjon mellom dei ulike strukturnivåa. Men her er det vel snakk om (meir eller mindre konsekvent gjennomførte) *prinsipp* for plasseringa av informasjon i ordboka (i omtekstene eller i ordartiklane t.d.), ikkje om ein eigen struktur.

"Tilvisingsstrukturen" går på reglane (eller igjen prinsippa) for korleis tilvisingar internt i ordboka og eksternt til andre kjelder, er utforma og plasserte. Ein kan sjølv sagt kalle dette regelsystemet ein struktur, men det kolliderer med det grunnleggjande strukturbegrepet.

"Tilgangsstrukturen" deler Svensén inn i ein indre og ein ytre tilgangsstruktur: Den indre tilgangsstrukturen er dei verkemidla (typografiske eller andre, t.d. kodar eller forkortingar) som indikerer dei ulike informasjonstypene internt i ordartikkelen, mens den ytre tilgangsstrukturen er dei indikatorane som leier brukaren til rett ord (t.d. kolonnetitlar). Etter mi meining er det meir praktisk og korrekt å sjå den indre tilgangsstrukturen som ein del av mikrostrukturen, og den ytre som ein del av makrostrukturen. "Tilgangsstrukturen" er berre eit sett av verkemiddel for å finne vegen innanfor desse strukturane.

"Adresseringsstrukturen" går på ordninga av forholdet mellom informasjon og det informasjonen refererer til, til dømes er ekvivalenten "bil" i ei engelsk-norsk eller engelsk-svensk ordbok adressert til lemmaet "car", mens forklaringa "do a roaring trade" i ei svensk-engelsk ordbok er adressert til uttrykket "ha ~ åtgång på sina varor" i artikkelen "strykande". Dette vil eg sjå som ein del av mikrostrukturen, ikkje som ein autonom "struktur" for seg.

Eg tykkjer altså at den altfor omfattande bruken av begrepet "struktur" gjer beskrivinga av ordboksoppbygginga unødvendig uklar og, om eg kan bruke eit slikt ord, uelegant.

## Normativitet

Det neste punktet eg vil ta opp, er spørsmålet om normativitet i ordbøker. På s. 29–30 drøftar forfattern forholdet mellom normativitet og deskriptivitet, og kjem, forsåvidt ikkje uventa, til at det ikkje er eit skarpt skilje mellom dei, det er ei gråone der dei glir over i kvarandre, eller ein gradsskilnad. Ei deskriptiv ordbok kan vere normativ berre gjennom å beskrive bruk, ved at brukarane aksepterer det som står, som "rett" (sjølv om leksikografen privat eigentleg misliker det draget han

beskriv). Og ei normativ ordbok må alltid byggje på beskriving av noko.

Problemet – men også poenget – her er at språk består av normer uansett, og ei beskriving av språket må også innehalde beskriving av normstatusen til den bruken ein beskriv (f.eks. om eit ord eller ei tyding vekkjer allment negative reaksjonar eller ikkje). Dette er alfa og omega for produksjonsordbøker, sjølv sagt. Når det gjeld ortografi og bøyning, må ei ordbok som beskriv ei normert språkform, opplyse om den norma som gjeld. Etter mi meining er dette deskriptivt, så lenge leksikografane formidlar normer som alt finst i samfunnet, med grunnlag i vedtak frå eit offentleg organ og/eller i allment akseptert bruk. Da må ordboka rett nok opplyse i klartekst om kva normgrunnlaget er, f.eks. gjeldande rettskriving i det aktuelle språksamfunnet. Leksikografen normerer da ikkje, men beskriv – og formidlar dermed – normer som andre med autoritet har gitt.

Ei normativ ordbok i eigentleg tyding er etter mi meining ei ordbok som tek sikte på å etablere nye normer, for eit språk som ikkje har faste normer frå før, eller der leksikografen meiner at desse normene ikkje er gode nok. I Noreg har vi gode eksempel på det, Ivar Aasens ordbøker framfor alt. Dei sette nye normer som det var meininga at brukarane skulle følgje. Ei ordbok som Knud Knudsens *Unorsk og norsk eller Fremmedords Afløsning* (1881) er normativ i same tyding: Knudsen gav inga nøytral beskriving av akseptert ordbruk i samfunnet, men ville leggje grunnen til nye normer for ordbruk, nemleg bruk av norske ord i staden for framandord. For ein svenske står dette skiljet naturleg nok mindre klart enn for ein nordmann, men det finst andre samfunn òg der dei har ”språkreinsande” ordbøker. Og også i eit etablert standardspråkssamfunn som Sverige kan det hende at leksikografen på eige grunnlag føretrekkjer ei form eller ein bruk som ikkje er teken opp i SAOL, eller tek standpunkt for eitt alternativ der den offisielle norma godtek valfriheit. I så fall er han normativ på dei punkta. (I dette ligg det at ordbøker utgitt av den normerande instansen, som *Retskrivningsordbogen*, der Dansk Sprognævn er ansvarleg utgjevar, må reknast som normative.)

Denne problematikken er grundig drøfta i mange artiklar i *Lexico-Nordica* 9 (2002), og han er klart meir kompleks enn eg kan framstille han her, med mange gråsoner. Men likevel: Eg ville ønskje eit klarare skilje mellom reint normative (norm-etablerande) ordbøker på den eine sida, og deskriptivt normformidlande ordbøker på den andre. Den sistnemnde typen er den vanlege. Men eigentleg har vi ei tredeling her: Reint deskriptive eller ikkje-normative ordbøker finst òg, men vel berre i form av dokumentasjonsordbøker over språk eller språkvarietetar som



ikkje har nokon formell normativ status i leksikografens samtid, som dialektordbøker eller ordbøker over tidlegare språkstadium utan faste skrivenormer. Jamvel der må leksikografen finne ei ”norm” for oppslagsorda av reint praktiske grunnar (gjenfinningsmoglegheiter for brukaren), men likevel er slike reint reseptive dokumentasjonsordbøker pr. definisjon ikkje normative.

### **Onomasiologi vs. semasiologi**

Den mest fundamentale motsetninga i makrostruktur går mellom det semasiologiske og det onomasiologiske prinsippet. Svensén nemner sjølv sagt det, men går ikkje så nøye inn på det, for hovudvekta hans ligg på semasiologiske allmennordbøker. På side 249–250 er han så vidt inne på det onomasiologiske ordningsprinsippet i idiomordbøker, med Jón Hilmar Jónsson (1999, 2003) som hovudreferanse. Ein stussar når ein på s. 28 les at synonymordbøker er eit typisk eksempel på onomasiologiske ordbøker, ”eftersom den normalt sammanför orden efter deras betydelse”. Denne klassifiseringa er det presedens for, såleis også i NLO. Men synonymordbøker er jo ordna etter alfabetet, altså etter det språklege teiknet, og dermed semasiologiske – i motsetning til tesaurusar, som Svensén nemner, men ikkje på denne plassen. At ordartikkelen består av tydingslike ord så snart ein kjem forbi oppslaget, er ikkje avgjerande, for også vanlege allmennordbøker bruker jo det meste av ordartikkelen til å beskrive tyding – til dels med synonym, som Svensén i definisjonskapittelet beskriv godt (om enn med termen *synonymförklaring*, der NLO føretrekkjer *synonymdefinisjon* – eg meiner NLOs term er meir dekkjande).

Den resonneringsfeilen eg meiner å ha sett her, kan basere seg på ei for rask sidestilling av begrepa *innhaldsparadigmatisk* og *onomasiologisk*. Svensén drøftar ikkje desse begrepa saman og kontrasterer dei derfor heller ikkje, men i NLO blir det sagt at dei fleste innhaldsparadigmatiske ordbøker også er onomasiologiske, og at dei fleste uttrykkspadigmatiske ordbøker (rimordbøker, baklengsordbøker o.l.) også er semasiologiske. Det siste kan nok stemme, her kunne ein kanskje til og med seie ”alle”, fordi slike ordbøker pr. definisjon koplar heilt ut innhaldssida ved teikna. Men resonnementet går ikkje opp for den andre gruppa. ”Innhaldsparadigmatisk” betyr at ordboka fokuserer på innhaldssida ved teikna (orda, frasane), og det gjeld det overveldande fleirtalet av ordbøker. Det er det ordbøkene er til for. Men

”onomasiologisk” går etter mitt skjønn berre på ordningsprinsipp, altså inngangen til informasjonen. Og her er forholdet omvendt: Det overveldande fleirtalet av ordbøker er semasiologiske, fordi det er den ordningsmåten som er velprøvd og som fungerer. Tesaurusar (men ikkje synonymordbøker) er det prototypiske onomasiologiske unntaket (og dei er gjerne forsynte med semasiologisk ”naudhjelp” i form av ei ekstra alfabetisk ordliste). Jón Hilmar Jónsson har som nemnt ovanfor greidd ut om eit anna bruksområde for onomasiologi, nemleg fraseologiske ordbøker (der brukaren kan finne samanstillingar av uttrykk med vidt forskjellig språkleg form som dekkjer same eller tilnærma same innhald). Dessutan baserer terminologiar seg på begrepa som utgangspunkt for termane, men terminologiske ordbøker er likevel ofte semasiologisk ordna, altså alfabetisk (som NLO, for eksempel). Det typiske og brukarvennlege er altså: frå uttrykk (semasiologisk inngang) til innhald (innhaldsparadigmatisk behandling). Akkurat dette kunne gjerne ha komme klarare fram hos Svensén enn det gjer.

Når eg nemner ordet *tesaurus*, må eg òg kritisere eit svakt punkt i boka: Det blir ikkje skilt klart mellom *tesaurus* (begrepsordbok) og *tesaurisk ordbok* (ordbok som omfattar heile ordforrådet i eit visst materiale, i motsetning til dei meir vanlege selektive ordbøkene). Begge blir omtala, om enn ganske kort, på ulike stader i boka, men for ein lesar kan det forvirre at vi ikkje får klart presisert at vi her har to tydingar av ordet ”tesaurisk”. NLO har same svakheita.

### **Datautval: Korpus eller språkkjensle?**

Eit kontroversielt spørsmål er sjølve datagrunnlaget for ordboka. Dette behandlar Svensén grundig i kapittel 3, ”Datainsamling og datautval”, der han jamfører den tradisjonelle beleggsmetoden med korpusmetoden og gir ei klar framstilling av fordelar og ulemper ved begge metodane. Han understrekar den skilsetjande betydninga av det han kallar korpusrevolusjonen, og at inga ordbok i dag kan greie seg utan eit korpus i botn. Når dette er slått fast, tek han så (på s. 71–73) opp striden mellom ”korpusfundamentalistar” og ”korpusskeptikarar”. Dei førstnemnde vil utelukke all bruk av grunnlagsmateriale som er basert på leksikografens intuitive språkkjensle eller som er bearbeidd og revidert i samsvar med denne språkkjensla; dei ser all språkbruk som ikkje er kjeldebelagd som ”inautentisk”. Dei sistnemnde peikar på at korpusbelegg ikkje treng vere representative for språket, i og med at korpuset kan ha tidbunden overrepresentasjon av tilfeldige ord, eller det kan innehalde avvikande og feilaktig språk. Svensén peikar på ei anna

side av same sak når han på s. 79 seier at ordbøker – særleg når dei er baserte på det ”korpusfundamentalistiske” synet – tendensielt må diskriminere tale i forhold til skrift, av den gode grunn at ”den överlägset största delen av alla språkliga yttringar [består] av talat språk, medan den största delen av alla belagda språkliga yttringar består av skrivet språk”. Talespråkskorpus finst, men er metodisk svært mye vanskelegare både å byggje opp og å bruke på ein kritisk og forsvarleg måte.

Denne konflikten blir drøfta vidare i kapittel 15, ”Språkprov”. På norsk har vi ikkje dette ordet, vi seier berre ”eksempel” eller ”døme”, som da får vidare tyding enn Svenséns bruk av ”exempel”, nemleg ”språkprov som inte utgör adress för en betydelsesangivelse” (m.a.o.: som ikkje får ei eiga forklaring; eksempel som får ei forklaring, kallar han ”parafraserat språkprov”). Svensén refererer også den tradisjonelle tydinga av ”eksempel”, men tykkjer at den er for vag. Sjølv ser eg ikkje heilt problemet her. Viktigare er usemja om kva type eksempel som bør føretrekkjast: autentiske (tekne ordrett frå eit korpus) eller redaksjonelle (ev. redaksjonelle bearbeidingar av autentiske korpussitat). Svensén refererer også her argumenta for og imot begge alternativ. Både på s. 72–73 og på s. 347 tek han diskret avstand frå fundamentalistiske haldningar (som at redaksjonelle inngrep i eksempla nærmar seg forfalsking av språkbruken). Uansett kor sterkt han understrekar at korpus i dag er uomgjengeleg i all leksikografi, så plasserer han seg nærast gruppa ”korpusskeptikarar”, i den forstand at han tilkjenner leksikografen retten til ei kritisk vurdering av korpusmaterialet og aksepterer andre typar grunnlagsmateriale som supplement til korpuset.

På s. 554–555 refererer han ei brukarundersøking som støttar dette synet. Den viser klart at konstruerte eksempel fungerer (eller i alle fall: kan fungere) betre for brukarane enn autentiske korpussitat, særleg for forståing. Det er ikkje så merkeleg når vi tenkjer på at dei konstruerte eksempla er tilpassa brukarens behov for forståing av det aktuelle ordet og konstruksjonar med det, mens dei autentiske eksempla jo har hatt eit heilt anna formål i utgangspunktet og i stor grad kan innehalde irrelevant informasjon som avleier brukaren, og kanskje ikkje får fram den søkte informasjonen. Eit korpus inneheld no ein gong aldri heile språket. Ifølgje Svensén er det dei meir pragmatiske haldningane som har vunne fram no dei siste åra, der korpuset får fungere som ein ressurs utan å bli ei tvangstrøye.

### **Lemmaseleksjon: Ulike aspekt**

Spørsmålet om datautval har andre aspekt enn dette. På s. 79–93 set Svensén opp ei liste over slike aspekt – ti i alt – og gir kvart av dei ei kort drøfting. Eg kommenterer nokre av dei viktigaste her, med tanke på lemmaseleksjon.

*Tidsaspektet* omfattar både gamle og nye ord. Når det gjeld alderdommelege ord, må det skiljast mellom ord for begrep eller fenomen som ikkje finst lenger (som *abolisjonist*, ein motstandar av slaveriet i USA på 1800-talet) og forelda ord for eksisterande begrep (*dårhus* for det som no heiter *mentalsjukhus*). Begge typar ord bør vere med i ordboka om dei blir brukte i notidsspråket, men med markering av typen ”hist.” eller ”foreld.”. Vel så vanskelege kan nyord vere, for det er prinsipielt uvisst om ordet er ei døgnfluge i språket eller har ei framtid der. Svensén peikar på faren for at ei døgnfluge som kjem inn i ei ordbok blir verande der i alle nye utgåver, og anbefaler å ha eit skarpt blick på slike under ordboksrevisjonar. Dei bør nok helst markerast i ordboksdatabasen som ord som skal følgjast spesielt opp. Dette gjeld ikkje minst ord som uttrykkjer ”icke accepterade värderingar i frågor som rör ras, nationalitet, socialgrupp, religion och liknande”, og som ofte var vanlege før i tida. Det er her leksikografen, vanlegvis ein av samfunnets desiderte ”doldisar”, kan oppleve sterk og kjensleladd kritikk om det blir gjort feilsteg.

*Det geografiske aspektet* omfattar ikkje dialektale ord, men derimot regionalt avgrensa ord med riksspråkleg status, som amerikansk vs. britisk engelsk. Her kunne Svensén ha kosta på seg ein diskusjon om forholdet mellom ”rikssvenske” (dvs. Sverige-svenske) ord vs. finlandismar, altså ord frå finlandssvensk – eit eksempel på at eit sterkare nordisk fokus kunne vore ønskjeleg.

*Fagspråksaspektet* er eit vanskeleg punkt. Svensén drøftar grensesnittet mellom fagspråk og allmennspråk, særleg ”inflödet” av fagtermar i allmennspråket, som han kategoriserer etter samfunnsområde: utdanningssystemet, forbrukssektoren, fritidskulturen, massemedia, og internettet. Han kritiserer den vanlege praksisen i allmennordbøker å behandle fagtermar meir overflatisk enn allmennord når det gjeld syntagmatiske eigenskapar (konstruksjonar, kollokasjonar og idiom) – han meiner at når ei ordbok først tek opp eit ord, må alle relevante aspekt ved ordet framstillast. Denne mangelen vil vel ofte ha si årsak i manglande fortrulegheit hos leksikografen med bruken av desse fagtermane. Både av denne og andre grunnar rår Svensén sterkt til å bruke fagspesialistar i utvalet og behandlinga av desse termene. Det er eit godt og viktig råd, men det kan kanskje oppstå problem når ein term har fått ei vagare (avterminologisert) tyding i allmennspråket og fagpersonen misliker dette – det kan vere tilfelle særleg når den vagare

tydinga ikkje er etablert, men på veg til å dannast. Leksikografen bør ha siste ordet i slike tilfelle. Men dette er eigentleg eit aspekt av det generelle nyordsproblemet.

*Namn* er eit emne som byr på heilt spesielle problem. Desse problema kan vanskeleg behandlast uttømmmande i ei bok som dette, men dei går delvis på om namn har "tyding", om dei kan omsetjast frå eitt språk til eit anna, og om dei er språklege eller ensyklopediske storleikar. Her kunne Svensén skilt klarare mellom artiklar som fokuserer på namneobjektet (Firenze; Quisling, Vidkun) – som er pr. definisjon ensyklopediske – og artiklar som fokuserer på namnet som språkleg storleik (Jakob, Lisa) – som er overgangstilfelle: Dei omfattar gjerne ein etymologi som går tilbake til den gongen namnet hadde ei tyding (språkleg), og ei oversikt over bruken av namnet i ulike samfunn og ulike land og regionar (ensyklopedisk). Slike artiklar passar verken i ordbøker eller i ensyklopediar, og derfor har vi fått ein eigen sjanger som vi kallar namnebøker. Svensén behandlar ikkje dette, men skriv om overgangsproblema som ligg i appellativisering og proprialisering og gir råd om korleis dei bør taklast, ikkje minst med tanke på dei konnotasjonane som appellativiserte ord har. Eit eksempel er "kafkask", som ikkje kan definerast "som angår, er typisk for forfatteren Franz Kafka", slik det står i ei norsk ordbok (det må, som Svensén skriv, vere med noko om kva som er typisk for stemninga i Kafkas bøker).

Det er eit vanleg og tradisjonelt prinsipp at namn ikkje blir behandla i ordbøker, mens appellativiserte avleiingar av namn (som altså "kafkask") får plass. Svensén får godt fram kor vanskelege overgangstilfelle vi har her. Ein ting er den metaforiske bruken av namn i samanhengar som "ein riktig Hitler" og "eit nytt Vietnam". Slik bruk vil normalt ikkje komme med i ordbøker, primær-referansen til propriet er for nærliggjande. Men appellativet *quisling*, eigentleg ein tilsvarande metafor, høyrer utan tvil heime i ordbøker – Svensén nemner at yngre generasjonar oppfattar dette ordet som eit reint appellativ, utan å assosiere det med ein bestemt person. Akkurat dette er sjølvstann annleis i Noreg, men *quisling* er også her så appellativisert at det utan vidare går inn i ordbøker (og vi har mengder av tilsvarande eksempel, som *boikott*, *lynkje*, *makadamisere* osv.)

Eit meir tvilsamt og dermed interessant eksempel er *Rosenbad*, brukt om den svenske regjeringa fordi det er namnet på bygningen der regjeringa har kontor. Dette er ingen metafor, men eit eksempel på metonymi. For meg er dette eit grensetilfelle, men eg ser lett dei praktiske grunnane til å ordboksføre det, særleg i tospråklege ordbøker, for ein utlending (inklusive denne bokmeldaren) som kom over denne ordbruken i ei svensk avis, ville ha problem med å forstå meininga.

Vanskelege grensetilfelle er også namn på institusjonar og organisasjonar. Svensén har to eksempel på dette: *Privattjänstemannakartellen* meiner han må reknast som proprium og dermed ikkje ”ordboksverdig” (med alle omstruktureringar og namneforandringar slike institusjonar er utsette for, er det ein risikosport å ta dei med i alle fall). *Landsorganisasjonen*, derimot, vil han rekne som appellativisert, blant anna fordi ein kan kalle tilsvarende utanlandske organisasjonar for (eksempelvis) ”den britiske landsorganisasjonen” eller ”det britiske LO”. Eg tykkjer ikkje dette er god nok grunn, for dette kan ein vel gjere nokså fritt så lenge den faktiske parallelliteten mellom to institusjonar er klar nok. Eg ville velje å ordboksføre *landsorganisasjon* som vanleg lemma, og som brukseksempel føre opp det proprialiserte organisasjonsnamnet. Slik er det gjort i dei norske definisjonsordbøkene.

### Ensyklopedisk vs. språkleg

Eit anna omstridd emne Svensén behandlar på ein førebiletleg måte, er forholdet mellom språklege og ensyklopediske opplysningar i ordbøker (kap. 16, s. 353–362). Her er det på sett og vis fleire emne som har filtra seg saman i eitt ordskifte: For det første det reint filosofiske om kva som er språkleg og kva som er ensyklopedisk og dermed ikkje-språkleg. For det andre det reint praktiske: Korleis skal ordbøker forhalde seg til ensyklopedisk informasjon? Svensén konsentrerer seg om det siste, og signaliserer at tendensen går i retning av meir ensyklopedisk informasjon i ordbøker, ikkje minst i innlæringsordbøker, der ein i omtekstene kan finne nøkkeldata som gjeld det samfunnet der objektspråket blir snakka. Dette er sjølvsagt heilt uproblematisk.

Eg har (Vikør 2005) argumentert for at det er viktig å halde på eit analytisk skilje mellom språkleg og ensyklopedisk informasjon, og dermed mellom ordbøker og ensyklopediar, sjølv om det er gråsoner. Språket speglar verkelegheita, og dermed må definisjonar av ord og begrep nødvendigvis basere seg på trekk i denne verkelegheita. Dette går Svensén ein del inn på, og han konkluderer av det at ingen ordbøker kan greie seg utan ensyklopediske innslag. Eg har ei noko anna oppfatning av kva som er ensyklopedisk informasjon, i tydinga ikkje-språkleg, og eg trur at skilnader i oppfatninga av kva ensyklopedisitet er, kan føre til ein viss grad av skinn-ueinigheit. Eit viktig krav til informasjon som skal kallast språkleg (sjølv om den også seier noko om verda utanfor språket), må vere at den er generalisert, altså har generell

gyldigheit for det aktuelle språksamfunnet. Informasjon om eit ord (eller begrepet som ligg til grunn for eit ord) som er partikulær, tidbunden eller prototypisk for somme brukarar, men ikkje for alle, vil eg kalle ensyklopedisk og dermed ikkje-språkleg. Det betyr ikkje at slik informasjon skal haldast ute frå ordbøker, dei kan brukast til å klargjere ordtydingar, men dei skal underordnast hovudmålet med ordboka, å gi ei språkleg beskriving av oppslagsorda. I ensyklopediar er det omvendt: Der skal språkleg informasjon underordnast beskrivinga av det fenomenet ordet dekkjer. Vi kan sjå på ordet *perle*, som Svensén bruker som eksempel i eit sitat frå ei av COBUILD-ordbøkene:

A pearl is a hard round object which is shiny and creamy white in colour. Pearls grow inside the shell of an oyster and are used for making expensive jewellery.

Nynorskordboka beskriv *perle* slik:

glinsande, kvit el blågrå lita kule (framandlekam innskapsla i utskild perlemor), laga av kappeepitelet hos visse muslingar og brukt i smykke

Trass i ulik stil og små skilnader i detaljane, ser ein at begge artiklane har med dei same elementa, og eg ser på dette som *språkleg* informasjon om begrepet ”perle”. Går ein vidare til å beskrive kor perler blir fiska, kven som eksporterer flest av dei, kva typar smykke dei blir brukte i i ulike land og tider osv., er det opplagt ensyklopedisk informasjon som ikkje høyrer heime i ei ordbok. Til gjengjeld er det ei ordbok, ikkje ein ensyklopedi, si oppgåve å gjere merksam på at ein kan bruke *perle* om liknande objekt av andre materialar, altså uekte perler (glasperler o.l.), og at ordet *perle* også blir brukt overført om noko særleg verdifullt eller edelt, som i tittelen på denne bokmeldinga.

Desse problema drøftar Svensén innsiktsfullt og med gode eksempel i definisjonkapittelet, på s. 273–281, der han behandlar bl.a. intensjonelle og ekstensjonelle definisjonar, og eg oppfattar det slik at synet hans ligg nær det eg her har gitt uttrykk for.

Prøver ein å gjere ordbøker ensyklopediske og språklege på same tid, kan ein fort ende med ganske dårlege ensyklopediar – dei som ønskjer ensyklopedisk informasjon om eit emne, vil uansett ikkje få det dei treng innanfor det formatet ei (papir)ordbok kan tilby. Unntak kan vere ordbøker som dekkjer eit spesielt avgrensa emneområde, for eksempel terminologiar, eller dialektordbøker som *Ømålsordbogen*, som beskriv både dialektar i ein viss periode og den kulturen dialektane var uttrykk for.

## Ordbøkene og brukarane

Det siste store kapittelet i boka er kapittel 27, "Ordboksanvändning". Her går det fram at forskning i ordboksbruk er blitt eit ekspansivt forskingsfelt dei siste åra. Delvis går det på sjølve brukarane og deira profil i forhold til ulike variablar (utdanning, språkkunnskapar, arbeidsmåtar osv.), delvis på konsultasjonsprosessen (kva brukaren søker, korleis han går fram – nøyaktig beskrive steg for steg – og kva han finn og ikkje finn). Hovudmålet for denne forklaringa er sjølvstøtt å gjere ordbøkene maksimalt brukarvennelege, og dermed auke ordboksbruken og i siste instans ordbokssalet.

Svensén refererer (s. 545–564) ein del konkrete undersøkingar i ordboksbruk, grupperte om visse problemstillingar. Først spør han: "Vilken ordbokstyp är effektivast?" Undersøkinga, utført av Sue Atkins og Krista Varantola, handlar om innlæring av engelsk som framandspråk, og alternativa er einspråkleg engelske, tospråklege og "bilingvaliserade" ordbøker ("bilingvaliserad" betyr at ordboka set om ord og uttrykk til brukarens morsmål, men har alle vidare forklaringar på engelsk). Resultatet var, som ein kunne vente, at dei mest avanserte brukarane greidde seg betre med einspråklege enn tospråklege ordbøker, dei minst avanserte motsett, men meir overraskande er det kanskje at dei "bilingvalisererte" kjem best ut hos nesten alle gruppene utanom dei aller minst erfarne (som naturleg nok helst vil ha tospråklege). Det kan hende at definisjonar og forklaringar på engelsk treng den støtta det gir å ha ekvivalentar på morsmålet i tillegg.

Så får vi undersøkingar etter mest søkte informasjonstypar og mest søkte typar av leksikalske einingar. Tendensen er at spesielle og lite kjende ord (av ensyklopedisk natur eller kulturspesifikke ord) blir slått opp mye meir enn vanlege ord i språket. Dette er ikkje særleg overraskande, men det kan vere litt farleg å stirra seg blind på slike "oppteljingar". Ein vil kunne tru, særleg ut ifrå vår tids marknads-ideologi, at da må ein prioritere det brukarane vil ha mest av. Dersom det fører til at mindre søkte informasjonstypar blir forsømde, vil det redusere kvaliteten på ordbøkene, for også behov som sjeldan manifesterer seg, kan vere reelle nok. Og ordbøkene skal gi eit dekkjande bilete av eit visst ordtilfang innanfor dei rammene ordboka set, uavhengig av kva brukarane søker mest og minst på. Slik sett er det kanskje meir gjevande å undersøkje kor lett ordboka gir tilgang på den informasjonen brukarane søker på, enn å spørje om kva brukarane ofte og sjeldan søker på. Svensén refererer også fleire undersøkingar av



denne typen, m.a. ei som gjeld plassering av ordsamband i makrostrukturen, og ei som gjeld søking etter informasjon i lange ordartiklar.

Slik testing gir nyttige innspel for forbetringar. Likevel er det knapt mogleg å finne den hundre prosent optimale ordboksstrukturen, den som gir brukaren all ønskt informasjon gratis heilt utan eigen innsats. Ein stad går det ei grense for kor brukarvennlege ordbøker kan bli, og Svensén stiller da òg spørsmålet om ikkje prosessen mot stadig aukande brukarvennlegheit må supplerast av ein annan type tiltak, nemleg ordboksdidaktikk. Også ordboksbrukarar må ha visse grunnleggjande kompetansar og ferdigheiter for å kunne bruke ordbøker med utbytte, og ikkje minst: bevisstheit om kva dei bør kunne – jf. at dei ofte instruktive innleiingane og brukarrettleggane i ordbøkene så å seie aldri blir lesne (s. 542–543). Ei meir systematisk opplæring i ordboksbruk burde kunne bidra til det.

## Konklusjon

Svensén går ikkje vidare på dette resonnementet, men for brukaren er det naturleg å konkludere med at i ei slik opplæring har vi her den sjølvsgade pensumboka – slik førsteutgåva alt har vore i mange år. Heile boka er nok ein vel stor munnfull, så dei som vil studere feltet, bør vite å prioritere lesinga og velje ut dei emna dei vil fordjupe seg i. Dei viktigaste delane av boka er sjølvsgagt kapitla som gjeld sjølve ordboksteksta og dei ulike strukturane og sentrale informasjonstypane der, ved sida av korpuskapittelet. Også erfarne ordboksbrukarar og ikkje minst leksikografar har mye å hente her. Kapittelet om ordboksprosjekt passar på si side best for dei som skal administrere slike, naturleg nok, mens kapittelet om elektroniske ordbøker gir oss eit innblikk i det lova landet som ikkje alle kjem til å gå inn i.

Denne bokmeldinga vart lang, men konklusjonen får bli kort: Boka rettfærdiggjer fullt ut tittelen på meldinga.

## Litteratur

- Jón Hilmar Jónsson 1999: Fraseologiens plass i ordbøker for innvandrerne. I: *LexicoNordica* 6, 65–78.
- Jón Hilmar Jónsson 2003: Fraseologien i forgrunnen – fraseologisk register som ledd i ordbokens tilgangsstruktur. I: Z. S. Hansen og A. Johansen: *Nordiske studier i leksikografi* 6. Tórshavn: Nordisk forening for leksikografi, 151–167.

NLO = H. Bergenholtz o.a. 1997: *Nordisk leksikografisk ordbok*. Oslo: Universitetsforlaget.

Vikør, Lars S. 2005: Språk og verd i Norsk Ordbok. I: R. V. Fjeld og D. Worren (red.): *Nordiske studiar i leksikografi* 7. Oslo: Nordisk foreining for leksikografi, 339–347.

Lars S. Vikør  
hovudredaktør/professor  
Norsk Ordbok 2014  
P.boks 1021 Blindern  
N-0315 Oslo  
[l.s.vikor@iln.uio.no](mailto:l.s.vikor@iln.uio.no)